

**Oversyn innkomen merknader til kommuneplanen sin arealdel
2012-2024 ved 1. gongs off. ettersyn 23.02.- 25.04.2012**

Off. mynde:

	<u>Dato</u>
1. Norges Vassdrag og energidirektorat (NVE)	01.03.12
2. Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal	23.03.12
3. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)	12.04.12
4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal (Motsegn)	30.04.12
5. Møre og Romsdal fylkeskommune	30.04.12
6. Kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune (Motsegn)	08.05.12
7. Statens Vegvesen, Region midt	24.04.12

Private:

8. Einar j. Måseide ,	21.02.12
9. Ulmatec v/Håvard Myrene,	27.03.12
10. Magne Larsen, Elvheim Gard,	19.04.12
11. Øystein og Margrete Alme	22.04.12
12. MCO Bygg AS på vegne av Georg Johansen, Alme	23.04.12
13. siv.ark.MNAL Børge Hjørungnes	23.04.12
14. Linda og Morten Stridh	24.04.12
15. Harry Fjelle og Alv Rise	24.04.12
16. Rune L. Holstad	25.04.12
17. Hareid Utmarkslag	17.04.12
18. Vestre Sunnmøre Bondelag	23.04.12
19. RFU, (Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne)	15.03.12




Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Hareid kommune
Postmottak
6060 HAREID

Vår dato: 01 MAR 2012
Vår ref.: NVE 201201442-2 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.: 2008/354

 HAREID KOMMUNE	
Omr. PVA	Saksh. SKR
02 MAR 2012	
Saks.nr. 2008/354	Dok.nr.
Løpenr.:	Klass. 2011 0003

Sakshandsamar:
Terje Systad

Fråsegn til offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel - Rullering 2012-2024 - Hareid kommune

Vi syner til Dykkar brev datert 15.2.12. Saka gjeld offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel 2012-2024 for Hareid kommune.

I samband med kommuneplanen er det gjort ei risiko og sårbarheitsanalyse. Under tema naturrisiko er det blant anna gjort vurderingar av snø- og jordskred, kvikkleireskred, flaum og flodbølge frå Åknes. I plankartet er det lagt inn omsynssone for skred og flodbølge. Til avgrensinga av potensielt skredfarleg område er NGI sine aktsemdskart for stein- og snøskred nytta. Til omsynssonene er det knytt føresegner som set krav til dokumentasjon av tilstrekkelig tryggleik før tiltak kan settast i verk.

NVE har ingen merknader til kommuneplanens arealdel 2012-2024 for Hareid kommune.

Med helsing

G. Brakestad

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Terje Systad
Terje Systad
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



FISKERIDIREKTORATET
region Møre og Romsdal

Hareid kommune	
Rådhusplassen 5 HAREID KOMMUNE	
Omr. PWA	Seksh. SKR
6060 HAREID 26 MAR 2012	
Saks.nr. 2008/354	Dok.nr.
Løp.nr. 20110003	Klass.

Saksbehandler: Ole Einar Jakobsen
Telefon: 94135463
Seksjon: region Møre og Romsdal
forvaltningsseksjon
Vår referanse: 624.12/3322-2
Deres referanse: 2008/354
Vår dato: 23.03.2012
Deres dato: 15.02.2012

HAREID KOMMUNE - SVAR PÅ OFFENTLIG ETTERSYN AV FORSLAG TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2012-2024

Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal (FdirMR) viser til Deres brev datert 15.2.2012 med høringsutkast til kommuneplanens arealdel 2012-2024, herunder også sjødelen. Vi viser også til vår tidligere uttalelse til planprogram for kommuneplanens arealdel datert 12.6.2009, vårt brev datert 24.9.2009 med innspill til planrulleringen av arealdelen, og vårt brev datert 26.11.2009 med etterspurte data til kommuneplanens arealdel.

FdirMR registrerer at NFFFA-områdene i sjø i nytt forslag til arealplan er betydelig redusert, og avgrenset til områder rundt eksisterende godkjente akvakulturlokaliteter. Det avsatte området rundt lokalitet Teineberget inkluderer også lokalitet 20736 Laupsneset for blåskjell. Resterende sjøareal er i all hovedsak ellers avsatt til NFFF-område. Generelt er vårt syn at det ikke må legges for sterke begrensninger for havbruksnæringen og gis mulighet til en fleksibel og fornuftig bruk av kystsonen. Hareid kommune har imidlertid et relativt begrenset sjøområde og kort kystlinje som setter naturlige begrensninger for mulighetene til havbruksaktivitet.

Vurdering og anbefalinger

Kystsonen er svært verdifull og attraktiv for rekreasjon og næringsvirksomhet, men er samtidig veldig sårbar. En forutsetning for kystsonens verdi er at den er ren, levende og mangfoldig. Grundig planlegging er en forutsetning for at menneskelig aktivitet i så liten grad som mulig skal påvirke kystsonen og livet i sjøen negativt. Dette er spesielt viktig ved bl.a. planlegging av hytte- og boligtomter på land i tilknytning til sjø, småbåthavner, havneanlegg, industriområder og avløpsnett.

FdirMR vil anbefale at alle planlagte inngrep eller aktiviteter som kan påvirke livet i sjøen, søkes lokalisert der hvor de gjør minst skade på miljøet. Dette innebærer for eksempel å forhindre skader på naturtyper som er sjeldne eller særlig verdifulle.

Etter Fiskeridirektoratets vurdering bør alle kystkommuner ha en strategi for lokalisering og utbygging av småbåthavner. Fiskeridirektoratet ønsker at småbåthavner plasseres der de forårsaker minst negativ påvirkning på miljøet, og at plassene søkes samlet på færre, større anlegg fremfor å belaste mange områder. I tillegg til de fysiske inngrepene i naturen (mudring, anlegging av bølgedempere, bygging av moloer mm.), medfører småbåthavner økt

belastning på miljøet som følge av utslipp av drivstoff, olje og miljøgifter fra båtene både mens de ligger på sjøen, og i forbindelse med vedlikehold ved utsetting og opptak. FdirMR ser det som positivt at det etableres felles småbåthavner for å begrense inngrepene i strandsonen, og at det fastlegges en klar strategi for lokalisering av småbåthavner.

Etter vår vurdering bør kommunen stille klare og strenge krav til tiltak for å redusere den negative miljømessige påvirkningen fra båthavner. Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal vil foreslå at følgende innføres som vilkår for nyetablering og utvidelse av havner, samt vurderes for alle større eksisterende anlegg:

- *Båthavner med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområder skal være utstyrt med oljeskiller. Dette vil redusere forurensingen fra land til sjø vesentlig.*
- *Det tilrettelegges for kildesortering av avfall i småbåthavnene, og miljøfarlig avfall (batterier, olje, lakk, maling og andre kjemiske produkter) skal tas hånd om på en forsvarlig måte.*
- *Bryggeanlegg og bølgebrytere bør utformes og plasseres med tanke på å opprettholde tilstrekkelig vanngjennomstrømning for å opprettholde god vannkvalitet.*

Ved Raffelneset, Hareid sentrum planlegges ny arealbruk til næringsbebyggelse (industriformål, N1). Utvidingen gjelder sjøareal, og vil kunne medføre utfylling i sjø. Her er det som nevnt i rapporten "Biologisk mangfold i Hareid" registrert ålegress (*Zostera marina*) utenfor sandstranden. FdirMR forutsetter at det stilles krav om at omfanget av og påvirkningen på ålegressengen må vurderes spesielt ved en eventuell utfylling.


Ålegressenger har en svært viktig funksjon i det marine økosystemet, bl.a. som oppvekst- og leveområde for en rekke fiske- og skalldyrarter. Dette er bakgrunnen for at de er kartlagt som viktige områder for å ivareta det marine biologiske mangfoldet. Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal fraråder i utgangspunktet tiltak som kan påvirke ålegressenger negativt.

FdirMR skal som den nasjonale fiskeriforvaltningens representant i regionen i første rekke arbeide for å sikre de nasjonalt og regionalt viktige marine ressursene i regionen (naturtyper med A- og B-verdi). Naturtyper av lokal verdi (C-områder) er i utgangspunktet et kommunalt forvaltningsansvar. Ut fra en faglig vurdering vil vi også fraråde inngrep i disse områdene.

Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal har ingen ytterligere merknader utover dette og tidligere innspill til arbeidet med kommuneplanen for Hareid kommune, arealdelen 2012-2024.

Med hilsen


Kristin Skarbøvik
seksjonssjef


Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kystverket Midt-Norge

Møre og Romsdal fylkeskommune

Areal- og
miljøvernavdelinga

Postboks 1502


Regional- og
næringsavdelinga

6404 MOLDE

6025 ÅLESUND

6404 MOLDE

Hareid kommune
Hareid rådhus
6060 HAREID

 HAREID KOMMUNE	
Omr. PWA	Saksh. SKR
13 APR 2012	
Saks.nr. 2008/354	Dok.nr.
Løpenr.:	Klass. 20110003

Deres ref: 2008/354

Vår ref: 12/00206-2

Dato: 12.04.2012

OFFENTLEG ETTERSYN AV KOMMUNEPLAN FOR HAREID KOMMUNE 2012-2024

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard viser til framlegg til kommuneplan, motteke 27.2.2012. Vi har følgjande merknader.

Innleiingsvis vil vi få opplyse om at 1. januar 2010 trådte lov av 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) i kraft, og at Bergvesenet endra namn til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) frå same dato. Vi ser at kommunen fortsatt adresserer post til Bergvesenet. Sidan etaten har fått nytt namn, ber vi om at kommunen korrigerer adresselista si i høve til dette.

DMF registrerer at kommunen har eitt område der det går føre seg råstoffutvinning, steinuttak på det regulerte industriområdet Risneset i Hjørungavåg. I planforslaget er det teke inn ei generell føresegn for nye område for råstoffutvinning i planføresegnene. Andre område er ikkje sett av. I samband med rulleringa, bør kommunen vurdere om området ved Risneset vil dekkje den lokale etterspurnaden etter denne type byggeråstoff i planperioden.

Vi har ikkje andre kommentarer til planforslaget.

Med helsing

Børre Fiva
Børre Fiva
senioringeniør

Stein Erik Hansen
Stein Erik Hansen
senioringeniør



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seksjonssjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
30.04.2012
Dykkar dato
15.02.2012

Vår ref.
2012/1555/JOEI/421.3
Dykkar ref.

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

HAREID KOMMUNE	
Omr. Pua	Saksh. SKR
03 MAI 2012	
Saks.nr. 2008/354	Dok.nr.
Løpenr.:	Klass. 20110003

Hareid kommune. Kommuneplan arealdelen 2012 – 2024. Fråsegn ved offentleg ettersyn – motsegn.

Generelt

Utkast til kommuneplan for Hareid arealdel 2012 – 2024, omfattar plankart med planomtale og føresegner. Som vedlegg følgjer m.a. konsekvensanalyse, ROS-analyse og rapportar om overordna vegnett, støyvurdering og flodbølgje etter skred.

Kommuneplanens arealdel er ein viktig del av kommunens langsiktige plangrunnlag og skal vise samanhengen mellom samfunnsutviklinga, behov for vern og utbygging og framtidig arealbruk. Kommuneplanen sine overordna retningslinjer for fysisk, økonomisk, sosial, estetisk og kulturell utvikling vil gå fram av kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel.

Arealdelen skal fastlegge kva dei ulike areala skal kunne brukast til, slik at det blir lettare å utarbeide meir detaljerte planer for enkeltområde, og slik at det raskt og enkelt kan fattast vedtak i enkeltsaker i tråd med kommunale mål og nasjonal arealpolitikk. Arealdelen er eit verkemiddel for å sikre at arealbruken i kommunen medverkar til å nå dei måla som blir vedtatt for kommunens utvikling. Arealdelen skal også ivareta nasjonale og regionale interesser, jf. plan- og bygningslova § 3-1 og §§ 11-1 og 11-5. For meir utfyllande informasjon om arealdelen av kommuneplanen viser vi til eigen rettleiar frå Miljøverndepartementet på www.planlegging.no

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

KONSEKVENsutGREIINGA

I samband med planarbeidet har kommunen vurdert konsekvensar for natur, miljø og samfunn for alle endringar i kommuneplanen der det er forslått arealmessige endringar i LNF-områda. Konsekvensutgreiinga verkar å vere gjennomført på ein oversiktleg og god måte.

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Natur- og miljøvern

Deponi

Vi gjer merksam på at etablering av deponi kan medføre fare for forureining og at ein tek omsyn til dei krav som er gitt i avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering.

Postadresse:
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon:
71 25 84 43

Telefax:
71 25 85 10

E-post:
postmottak@fimmr.no

Web:
www.fylkesmannen.no

Støy

Kommunen er ansvarleg for å inkludere og synleggjere støysonekart i kommuneplanen på ein egna måte. Dette kan gjerast som eige temakart eller tematisk kommunedelplan. Dei områda som er vurdert av Kilde Akustikk AS omhandlar berre ein liten del av kommunen.

Kommunen blir oppmoda til å synleggjere si haldning til støyspørsmål i arealplanlegginga i forhold til utbyggjarar og andre aktørar. Dette kan kommunen gjere ved å vedta retningslinjer til kommuneplanen som fastset tilrådde støykrav for ulike typar område, verksemdar og busetnad.

Når det gjeld ny etablering av bustader i gul sone går det fram av retningslinjene for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) at gul sone er ei vurderingssone kor kommunen bør vise varsemd med å tillate etablering av nye bustader, skule osv. Dersom kommunen gjev løyve til bygging i gul sone skal det krevjast støyfagleg utredning som synar støynivå på fasade og uteplass.

NFFF1- Kombinasjonsområde sjø ved industriområde Raffelneset, Hareid sentrum
Området er ikkje utsatt for støy men kan gje støy til nær liggjande bustader. Det bør her settast inn restriksjonar i planen for å unngå at det oppstår støyproblem knytt til verksemda i framtida.

B1 Bustadområde Almestranda ved Haggardsneset

Dette er ei utviding av eksisterande bustadområde. I sjøområde utanfor er det avsett eit større akvakulturområde der det har vore drift i mange år. Det oppstår ofte konflikstar med nærliggjande bustadar grunna støy frå foringsautomatar, aggregat eller båtar som er nytta i samband med drifta. Det har vist seg vanskeleg å støyisolere slike støykilder. Ut frå dette vil vi rå i frå at det blir lagt opp til fleire bustader i dette område.

N1 Næringsbygningar Raffelneset

Dette er ei lita strand nær bustadfelt som vil bli bygd ned. Nærfriluftsområda er dei viktigaste for folk si helse, då det er desse som oftast blir nytta gjennom eit år. Spesielt gjeld dette foreldre med små barn. Hareid har ei fantastisk badestrand på Overåstranda, men ut frå avstanden frå Hareid sentrum vil dei fleste anten sykle eller ta bil eller buss for å dra dit. Vi rår i frå at arealet blir utlagt som næringsareal. Kommunen må prioritere å få bygd gang- og sykkelveg til Overåstranda for å gjere denne meir tilgjengeleg for trygg for gåande og syklende.

N4 Næringsområde Raffelneset

Lita inneklemd strand som har verdi som nærutfartsområde for dei som bur i området. Kommunen bør vurdere om det er mogleg å finne erstatningsareal som kan opparbeidast som ei tilsvarande strand nær Hareid.

FT 2 Fritids- og turistføremål Haukhamna

Vi viser til tidlegare varsel om motsegn til rorbuer i Haukhamna, jf. brev av 18.01.2006 og 07.04.2006. I Konsekvensutgreiinga går det fram at Haukhamna ligg naturskjønt til og er attraktiv for friluftsliv på sjø og land. Vi vil ut frå dette reise motsegn til forslaget om å legge arealet vist i planen som FT 2 i Haukhamna ut som byggeområde for fritids- og

turistføremål. Det manglar også ei avklaring på tilkomst og parkering for eit eventuelt slikt utbyggingsområde.

Overordna vegnett

Vi viser til at spørsmål knytt til utfordringa med kryssing av Sulafjorden ikkje er avklara, og at det difor er høgst usikkert korleis infrastrukturen vil kunne bli på landsida. Det kan sjå ut som at alternativet med tunell under fjorden er lagt til side, og at det kan vere meir aktuelt med røybru/flytebru.

Vegalternativet med ny trase sør for Grimstadvatnet og kryssing av Kaldholelva ved utløpet av Snipsøyrvatnet er konfliktfylt i høve verneinteressene, men dette vil bli avklara gjennom konsekvensutgreiing dersom dette blir ein aktuell trasè i framtida. Vi vil difor ikkje gå detaljert inn i dette no. Alle aktuelle trasèar som blir vist på arealdelen til kommuneplanen kan berre vere illustrasjonar og er ikkje juridisk bindande.

Landbruk

Jordvern er sterkt i fokus frå nasjonalt mynde, og regjeringa hadde som mål å halvere nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord innan 2010. Målsettinga vart lansert i St.prp. nr. 1 (2004-2005), vart vidareført i St.prp. nr. 1 (2005-2006) og presisert i St.prp. nr. 1 (2006-2007). Bodskaen var også klart formidla i *Jordvernbrevet* til kommunane av 21.02.2006, underskrive av landbruksminister og miljøvernminister. I Møre og Romsdal vedtok fylkeslandbruksstyret den 22. mai 2007 eigne jordvernstrategiar for vårt fylke der den overordna målsettinga er fastsett slik: *"Verdifull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar."*

Stortingsmelding nr. 39 (2008-2009) fastslår også at regjeringa ønskjer ein restriktiv jordvernpolitikk og at omsynet til jordvern skal stå sentralt mellom anna i kommunal planlegging. Sjølv om vi no les 2012, er det ingen signal om at jordvern har blitt mindre viktig for Regjeringa. Landbruks- og matdepartementet la 02.12.11 fram melding nr. 9 til Stortinget (2011-2012), med mål om å avgrense omdisponeringa av jordbruksjord til under 6000 dekar dyrka per år. Fylkesmannen legg difor til grunn at det er strenge føringar om at jordvern skal ha stor vekt når kommunane lagar sine planer.

Det er positivt at Hareid kommune har gjort ei fagleg vurdering av kva som skal vere kjerneområde for landbruk i kommunen, som igjen kan danne grunnlag for å etablere omsynssoner knytt til landbruket sine interesser i kommuneplanen.

Vi vil i det følgjande gå gjennom enkeltområda vi har merknader til:

B2 - Hjørungavåg

Vi kan ikkje sjå at det er behov for å nytte det 5 daa store arealet med dyrka jord til bustadbygging, grunna at det like nord for B2 er eit større bustadområde, med fleire ledige tomter.

B3 – Melshornlia

Planområdet er på om lag 120-130 daa, derav ca. 13 daa fulldyrka (41/1), samt ca. 110 daa dyrkbar jord. Vi har ikkje innvendingar til utviding sør for allereie etablert bustadområde. Detaljreguleringsplan Melshornlia har vore til ettersyn hos Fylkesmannen tidlegare. I brev datert 21.01.11 hadde Fylkesmannen motsegn til den delen av planen som går utover det som er avklara i gjeldande kommuneplan/reguleringsplaner. Motsegna er grunngeve med uheldig

nedbygging av verdifulle jordreservar, ikkje dokumentert folkeauke, ledige tomteressursar i overordna plan og at det er mogleg å løyse infrastruktur og dreneringsbehov utan å ta i bruk dyrka- og dyrkbar jord. Vi hadde også merknad til utforming av føresegner om mellom anna etappevis utbygging. **Motsegna** frå 31.01.2011 står ved lag, med grunnlag i same argumentasjonen.

B4 – Bustadområde Holstad

B4 er ei blanding av dyrka jord, innmarksbeite og skog på mindre teigar mellom fjellfoten i nord og bustader i sør. Grensar til regulert bustadområde i aust, der lite er bygd ut. Vi stiller spørsmål ved behovet for å utvide bustadområdet på Holstad når det meste av dagens felt enno ikkje er realisert.

B5 - Bustadområde Grimstad

Grimstadelva er ei naturleg avslutning på bustadområdet Grimstad. Det er viktig med ei tydelege og naturlege grense, også kalla buffersone, for omsynssone jordvern på Grimstad. Ei utviding av bustadområde vest for Grimstadelva har vi ikkje merknad til.

B6 – Bustadfelt Bigset Vest

Området utgjer 15 daa dyrka jord. Det vil vere uheldig for jordvernet og kulturlandskapet å utvide bustadfeltet Bigset Vest. Ei utviding sørover vil gje ei dårlegare arrondering på gjenverande dyrkajord. Bustadområdet Bigset Vest, slik det er avklara i gjeldande kommuneplan, er i følge www.skogoglandskap.no ikkje realisert. Fordi det enno er mange urealiserte tomter i dagens Bigset Vest, har vi **motsegn** til ei utviding av bustadområdet på fulldyrka- og dyrkbar jord.

LNF - B spriedd utbygging

Hareid kommune har vidareført frå gjeldande kommuneplan mange områder for spreidd bustadbygging. Nokon av areala er svært store. Store områder lagt ut til LNF – B gjer kommuneplana til eit meir utydeleg styringsdokument, noko som oftast på sikt er uheldig for landbruksinteressene i området.

LNF – B Liadal-Hjørungdal

Området femner om store dyrka- eller dyrkbare areal på nordsida av Liadal og vestsida av Hjørungdal. Figuren ligg allereie som LNF – B i gjeldande kommuneplan, der føresegnene tillet 20 nye bustader. I nye føresegner er det angitt eit omfang på 19 nye bustader, og då er ikkje frådelling av hus nr. 2 på landbrukseigedomar rekna med. Spreidd bustadbygging av eit såpass stort omfang kan føre til auka drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, og gi uheldige føringar på investeringslyst i framtidas landbruk. Det må gjerast ei vurdering i kva grad ein kan vidareføre spreidd utbygging, samtidig som at området er for stort og inneheld mykje dyrka jord. LNF – B må definerast mykje tydelegare for å sikre landbruket sine interesser i området. Vi har **motsegn** til storleiken på område utlagt til LNF – B.

LNF – B Ulset

Arealet omfattar både av dyrka- og dyrkbar jord, og er ein del av eit større landbruksområde i kommunen. LNF – B på Ulset grensar til H510 jordvernssone, og ein kan derfor anta at også arealet som er dyrka i LNF – B Ulset ligg i eit område med same verdifulle dyrkajord. Plassering av nye bustader kan kome i konflikt med landbruksinteressene, og ikkje minst gje ei dårlegare arrondering av gjenverande dyrkajord.

LNF – B Rørset

Arealet er i all hovudsak dyrka jord, der dagens bygningar er knytt til landbrukseigedomane. Ønskjer kommunen spreidd bustadbygging her, må nye bustader definerast utanom dyrka jord og samanhengande jordbruksareal. Eit omfang på 7 hus gjer at det vert naudsynt med tydelege føringar i føresegnene om vern av dyrka jord og følgjer for drifts- og miljømessige ulemper.

LNF – B Kaldholen

Eit område med stort sett dyrka jord og noko dyrkbar jord. Omfang 4 nye bustader. Det må i føresegnene konkretiserast at det ikkje skal byggast på dyrka jord og at frådeling ikkje må forringe arronderinga på jordbruksareala.

LNF – B Mork

Arealet utgjer vestsida av Snipsøyrvegen, samt ein liten del av austsida. Omfang og føremål er 6 nye bustader. Området er i all hovudsak dyrka jord, og bustadbygging i området kan raskt virke negativt på arronderinga og gje drifts- og miljømessige ulemper for landbruket. Dette må det takast høgde for i føresegnene.

LNF – B Rise

Omfang og føremål er 8 nye bustader i eit område med dyrka jord. Dyrkbar jord og noko skog. LNF – B Rise er eit stort område, som i dag i all hovudsak har bygningar knytta til landbruket. I føresegnene må det konkretiserast at det ikkje skal byggast på dyrka jord.

LNF – B Brandal

Omfang og føremål er 5 nye bustader. Området er avset til LNF – B i gjeldande kommuneplan, og no med ei lita utviding. På Brandal er det nesten berre bratt dyrkajord att å bygge på, og det er allereie frådelt mange nye bustader spreidd i dalen. Ned mot sjøen er det i dag regulert bustadområde. Vi meiner at det ikkje er rom for å byggje nye bustader spreidd i Brandal utan at det går ut over landbruket sine interesser i dalen. Vi har **motsegn** til forslaget om utvide LNF– B her.

LNF – B Kvammen

Omfang og føremål er 2 nye bustader. Det er dyrkajord og eit gardstun aust for vegen. Nye bustader aust for vegen kan skape uheldig nærføring mellom bu- og landbruksinteresser i framtida. Tydelege føresegner kan ivareta landbruket sine interesser i området.

LNF – B Hovden

I gjeldande kommuneplan er området avset til LNF-B, der omfang er definert til 2 nye bustader. I følgje www.skogoglandskap.no er det allereie frådelt to bustader i LNF – B området, og ytterligere frådelinger vil vere lite heldig så nært inn i dei to tuna.

Omfanget og føremålet i planprogrammet er 2 nye bustader. LNF-området er ein del av eit større landbruksareal. Figuren ligg inn til eit bustadområde i sør. Det er ledige bustadtomter i allereie etablert bustadområde(www.skogoglandskap.no). Vi har derfor **motsegn** til at LNF – B Hovden vert lagt ut til spreidd bustadbygging.

LNF – B Snipsøyr - Nettet

Omfang 7 bustader. Det må konkretiserast at det ikkje skal byggast på dyrka jord.

Omsynssone

De kan med fordel merke kvar enkelt H510-figur, slik at dei kan skiljast betre både på kart og i planomtalen. Omsynssoner bør brukast selektivt, og skal ikkje erstatte temakart som dokumenterer ulike interesser (eks. Kjerneområde landbruk). Dei faglege vurderingane som ligg til kjerneområde landbruk kan naturleg vere eit grunnlag for å velje ut H510. Det bør berre utarbeidast omsynssoner der særlege omsyn gjer seg gjeldande. Det kan som eksempel vere aktuelt å utarbeide jordvernssone for eit område med verdifulle jordressursar der det er stort utbyggingspress, og der det kan vere naudsynt å sette ei langsiktig jordvernsgrense. Det er viktig å merke seg at innføring av omsynssone for landbruk endrar ikkje verdien av områder med føremål LNF. Endringa ligg i at landbruksareal i omsynssoner har retningsliner som gir området ekstra beskyttelse.

Følgjande retningsliner kan gjevast til omsynssoner heimla i § 11-8 tredje ledd bokstav c:

- 1) Retningsliner om avgrensningar av virksemnd og vilkår for tiltak for å ivareta interesser i sona.
- 2) Retningsliner om kva omsyn som skal vektast ved praktisering av annan lovgjeving så langt kommunen er tillagt mynde etter vedkommande lov.

H510 Røyrset (deler av Røyrset mellom kommuneveg og Snipsøyrvatnet)

Her er i all hovudsak berre dyrkbar myr, som ikkje er under utbyggingspress.

H510 Hjørungdalsmyrane

Område i all hovudsak dyrkbar myr og jorddekt fastmark, samt flekker med anslagsvis 15-20 daa dyrka jord. Ikkje utbyggingspress.

H510 Sørsida av Ulsetleitet

Større samanhengande dyrka område. Ikkje utbyggingspress.

H510 Sør for Liavegen

Vestlege del består av større dyrka områder. I nordaust er det større område med dyrkbar myr og flekkvis dyrka mark (10-20 daa store teigar). H510 vil her signalisere at areal sør for hovudvegen er forbeholdt landbruket.

H 510 Bjåstadbakken mot Kaldhol

Større jordbruksområde sør for hovudvegen. Skissert større rundkjøring midt i denne sona ved ev. framtidig line for E39.

H510 Grimstad mot Holstad

Område med stort utbyggingspress som treng det ekstra vernet ei omsynssone jordvern kan. Arealet bør forlengast austover og gjelde gnr46 bnr2, og ev. gnr46 bnr7 sør for bustadområdet på Holstad. Årsaka er at dette dyrkaarealet er ein naturleg del av det store samanhengande jordbruksarealet på Grimstad.

H510 Gjerde

Landbruksområde som har bustader i sør og aust, og som er sentrumsnært. Bruk av omsynssone er reelt her.

Samfunnstryggleik

Kommunen har i samband med rullering av kommuneplanen gjennomført ein grov ROS-analyse for kommunen. Analysen har i denne omgang ikkje utført klassifisering av risiko og sårbarheit. Ei slik klassifisering skal prioriterast av kommunen framover.

ROS-analysen deler risiko inn i fire kategoriar. Desse er: naturrisiko, verksemdsrisiko, beredskapstiltak av relevans for arealplanlegging og sårbare objekt. Fylkesmannen meiner at dette er ein oversiktleg og ryddig måte å tilnærme seg analysen på.

ROS-analysen har ei gjennomgåande god vurdering av årsaker til at uønska hendingar kan inntreffe. Det vi tidvis saknar er ei vurdering av konsekvensar dersom ei slik hending skulle inntreffe. Dette er løyst på ei god måte under delkapittel 4.3.5 *Dambrot* der det mellom anna står: «*Konsekvensane ved utvikling av lekkasje/brot er først og fremst knytta til sviktande vassforsyning for 80% av befolkninga i Hareid*». Eit anna godt døme på dette er under delkapittel 4.5.12 *Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar*.

Under delkapitlet som omhandlar ustabil grunn står det at ustabil grunn kan vere aktuelt i Hareidmyrane industripark. Område der kommunen har erfart ustabil grunn bør vurderast nærare og eventuelt avgrensast som omsynsområde i plankartet.

Kommunen har kartfesta delar av risikoområda i ROS-analysen. Dette kan med fordel gjerast med fleire av risikofaktorane. Ein viktig del av ROS-analysen er nettopp å knytte moglege hendingar til eit areal for å vurdere om farane har følgjer for eksisterande og framtidig arealbruk. Samtidig gjev dette ei betre synleggjering av risiko- og sårbarheitsforhold i kommunen.

Det er ynskjeleg at resultatet av ROS-analysen kort blir skildra i sjølve planomtalen, gjerne saman med kommunen sine forslag til førebyggjande og/eller skadereduserande tiltak og tiltak som allereie er iverksette.

Barn og unge

Vi vil gje ros til kommunen for det arbeidet som er gjort på dette område. Denne omtalen vil kunne brukast som eksempel for andre kommunar.

Føresegner

Kapittel 10 i planomtalen omfattar arealbruk, føresegner og retningslinjer. Vi har merknader til følgjande punkt:

3.2.6 Naust

Føresegnene er i utgangspunktet gode. Når det gjeld storleik, meiner vi ei generell opning for naust på 50 m² er uheldig. Det kan sjølvsagt vere heilt greit med så store naust i område som er bygd ut frå før med store bygg, men ikkje som ei generell ramme.

Vi vil gjerne komme med eit alternativt forslag som er i tråd med praksis vi har henta frå Hordaland, kulepunkt 1 kan erstatte c) i føresegnene og kulepunkt 2 kan erstatte e) i føresegnene og kulepunkt 3 kan erstatte g) i føresegnene. Siste kulepunkt manglar i føresegnene.

- Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m². Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.

- Mønehøgda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå under bygning.
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).
- Altan/utkraging er ikkje tillate.

Føresegnene seier ikkje noko om kva som er tillate mellom naustet og sjøen. Det er også uklart kva ein legg i punkt k). Er det bak naustet kommunen siktar til, foran eller begge deler?

Fylkesmannen vil reise **motsegn** til § 3.2.6 punkt c) og e) og be om at desse blir erstatta med alternativet vist over.

3.2.7 Fritidsbygg - rorbu

Siste setning i føresegna må spesifiserast betre. Fri ferdsle framfor slike bygg er normalt ikkje tillate etter friluftsløva ettersom dette er definert som fritidshus. Vi meiner kommunen også bør signalisere at slike bygg berre kan lokaliserast i område der terrenget er slik at bygga ikkje medfører uheldige landskapsverknader og fortrinnsvis i strandsoneområde der det er bygd frå før.

Det er innført statlege planretningslinjer for strandsona. Vi hadde gjerne sett at kommunen brukte desse i planen og laga føresegner som var tilpassa Hareid. I følge plan- og bygningslova § 1-8 gjelder eit generelt byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjø. Kommunen kan, etter først å ha kartlagt behovet, vedta føresegner som opnar for landbrukstiltak i 100-metersbeltet langs sjøen, jf. § 11-11 nr. 4.

Føresegnene til LNF - B har definert omfang og føremål, men ikkje konkretisert kor dei nye bustadane skal lokaliserast. Fleire av LNF-områda har openberre konflikstar knytt til jordvern. Retningslinjene konkretiserer med 5 kulepunkt kor ein skal unngå å bygge og gjere inngrep, der dei to første kulepunkta omhandlar landbruket sine interesser. I kulepunkt 2 vert det opna for ei snever vurdering av kva slags landbruksareal det ikkje skal byggjast på. Føresegnene bør også seie noko om storleiken på tomtene.

Plan- og bygningslova § 11-11 nr. 1 seier at til arealføremåla nr.5 og 6 i § 11-7 kan det i naudsynt utstrekking gjevast føresegner om omfang, lokalisering og utforming av bygningar og anlegg til landbruk og reindrift som nemnd i § 11-7 første ledd nr. 5. Kommunen får her ein klar heimel for å gje føresegner om plassering og utforming av nye bygningar og anlegg i LNF-areala. Føresegnene skal likevel ikkje hindre naudsynte tiltak der det er liten valfridom i høve til plassering, men gje ein meir påreknelig og kvalitativ betre arealstyring. Hareid kommune kan presisere at ein også må ta omsyn til bruk av dyrka jord ved lokalisering av bygningar og anlegg knytt til landbruk.

Omsynssoner knytt til landbruket kan ikkje ha føresegner, men retningslinjer.

Vi har **motsegn** fram til føresegnene knytt til LNF - B gjev landbruket sine interesser eit betre vern, både når det gjeld vern av dyrka- og dyrkbar jord og i høve til arronderinga av landbruksområder.

Vi tilrår at kommunen fastsett kote for byggehøgde med tanke på stormflo og framtidig havnivåstiging i planføresegnene. I ROS-analysen står det at ei høgde på 2,5 meter over kart null neppe er problematisk for naust og andre bygg som ligg nær sjøen. Det framgår ikkje

kva som er meint med «andre bygg», men vi vil påpeike at for bygg med normal opphald vil ei kote på 2,5 ikkje vere tilstrekkeleg. Til hjelp til fastsetting av kote viser vi til rapporten «Havnivåstigning – Estimer av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner» (2009) og rettleiaren «Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging».

Konklusjon

Fylkesmannen meiner kommunen har lagt fram ein oversiktleg og god kommuneplan. Vi har likevel nokre motsegner til arealbruk og til føresegner i planforslaget.


Arealbruk:


- Bustadområde B3 - Melshornlia - landbruk
- Bustadområde B6 - Bigset Vest - landbruk
- Område for fritids - og turistføremål – Haukhamna - landskap og strandsonerinteresser

Førsegner:

- LNF – B Liadal-Hjørungdal
Brandal
Hovden
- Naust - § 3.2.6 punkt c) og e).

Vi ber om at desse blir erstatta med dei forslaga vi har vist i kommentarane lenger framme.

Med helsing

Kjeld Brække (e.f.)
Ass.fylkesmann


Sveinung Dimmen
samordnar

Fagsaksbehandlar

Forureining: overingeniør Gunnhild Liva Austvoll, 71258512

Landbruk: fylkesagronom Kristin Eide, 712588135

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71258415

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2008/354	15.02.2012	20953/2012/KOMMUNEPLAN	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	30.04.2012

Hareid kommune - kommuneplan - arealdel 2012 - 2024 - fråsegn ved offentlig ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Våre merknader ved oppstart av planarbeidet er i det heile godt ivaretekne i plana. Det er gjort godt arbeid med konsekvensutgreiinga, og hensyna til barn og unge er godt ivaretekne i planføresegnene. Det er godt samsvar mellom planprogram og endeleg plan, men barnetråksregistreringa er ikkje gjennomført. Det er heller ikkje gjort greie for korleis medverknad frå barn og unge er ivareteke i prosessen. Vi vonar at kommunen vil prioritere barnetråksregistrering i perioden som kjem, og bidreg gjerne med råd og erfaringar kring slik registrering. Det er positivt at det vert igangsett eit prosjekt for kartlegging av universell utfordring i sentrum, og vi er spente på resultatet frå dette arbeidet.

Planomtalen er godt strukturert og lett tilgjengeleg. Føresegnene er kortfatta og presise, og vert slik vi ser det eit godt styringsverktøy for planperioden. Føresegna knytt til fritidsbygg – rorbu kunne med fordel sett krav til maksimal storleik og opparbeiding av uteareal. Rorbuer er klassiske dispensasjonssaker der ein i stor grad syner til kva naboen har fått lov til, og behovet for ei avklaring i kommuneplana er til stades.

I høve teiknforklaringa til plankartet vil vi nemne at hensynssone H730 manglar.

Konklusjon

Planarbeidet er godt gjennomarbeidd og vi har ikkje merknader utover dei planfaglege kommentarane.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		26729/2012/KOMMUNEPLAN	Øyunn Kleiva,71 25 88 67	08.05.2012

Fråsegn til kommuneplan Hareid arealdelen - kulturminne - motsegn

Vi viser til epost dagsett 2.5.2012 med utsett fråsegnfrist for saksområdet automatisk freda kulturminne til mandag 7.5.2012. Merknadar er knytt til endringar i kommuneplan samt kartmarkering.

-Ved ein inkurie har ikkje saka vore sendt vår sakshandsamar for nyare tids kulturminne, Bergens sjøfartsmuseum som har ansvar for marine kulturminne og Riksantikvaren vest som styrer med mellomalderkyrkjegardar. Vi vil her prøve å vise omsyn til deira saksfelt, men det vil vere ein føremun om de avventar deira eigen fråsegn som vi ber dei sende dykk direkte. Vi tilrår å ta omsyn til fråsegna også for desse områda, sjølv om vi fråsegn er forsinka.

Automatisk freda kulturminne

Fornminneområda i friluftsområda på Ovra manglar. Desse må leggst inn før vi kan godkjenne planen. Desse har idnr 145426 og 145428; kartutsnitt ligg vedlagt frå Askeladden.

For den som planlegg mykje kan ein tilgang til nedlasting av sosifiler frå den nasjonale kulturminnebasen Askeladden søkast hjå Riksantikvaren. Info hjå www.ra.no

Hareid mellomalderkyrkjegard er eit automatisk freda kulturminne, og skal visast som omsynssone d) i plankartet jf. pbl. § 11-8, H-730 og skal ha ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av mellomalderkyrkjegarden ligg i Askeladden under ID-nr. 84483-4. I tillegg høyrer ei sikringszone på 5 meter, jf. kulturminneloven § 6, som inngår i det automatisk freda kulturminnet. Føresegner som sikrar god forvaltning av mellomalderkyrkjestaden må innarbeidast i kommuneplanen, t.d slik:

"Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vært i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vært i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep."

For all annan graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve iht. kulturminnelova § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebere inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad.

Følgjande føresegner skal derfor takast inn i kommuneplanen:

"Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminneloven. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske myndigheit, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt satt i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar."

Hareid kyrkje er listeført. Kyrkja bør ha retningslinjer som seier noe om saker som angår kyrkja og kyrkja sine omgjevnader, jf. Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 fra MD og KUF, for eksempel: *"Hareid kyrkje er ei listeført kyrkje. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som angår Hareid kyrkje skal til Riksantikvaren for rådgjevnad før det vert fatta vedtak av kyrkjeleg myndigheit etter kyrkelova."*

Bautasteinen er eit automatisk freda kulturminne. I Askeladden er den avgrensa som ID-nr. 84483-5, og skal visast som omsynssone d) i plankartet jf. pbl. § 11-8, H-730.

Bautasteinen ligg innanfor lokaliteten Hareid kyrkjestad, Askeladden ID-nr. 84483, saman med mellomalderkyrkjegarden og kyrkja. Avgrensinga kan hentast ut frå Askeladden. I kommuneplanens arealdel skal lokaliteten gis omsynssone c) i plankartet jf. pbl. § 11-8, H-570 for å verne kulturmiljøet omkring kyrkja, mellomalderkyrkjegarden og bautasteinen. I plankartet skal den som omsynssone c) ha svart skråravur. Til omsynssone c) må det knytast følgjande retningslinjer:

"Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast kulturminnevernmyndighetene for vurdering i høve kulturminnelova, jf. § 3."

Kva gjeld andre kartmarkeringar av automatisk freda kulturminne føreset vi at desse er i samsvar med forrige kommuneplan.

Teiknforklaringa manglar forklaring av H730 (omsynssone d) og H570 (omsynssone c).

N3 og eventuell arealkonflikt

Det er kjent at avgrensinga av det førhistoriske gravfeltet Vågelegjet idnr 45870 er for lita og situasjonen er noko uavklara i retning av industriområdet N2. Vi har gitt innspel til ein illustrasjonplan og det vart då hevda at ein skulle kome tilbake til konkret grense. Kommuneplanen må legge inn ein større buffer mot aust og, eller kanskje også gjere ei avgrensing i form av ei arkeologisk registrering knytt til kommuneplanen. Alternativt må det påleggast krav om regulering med klar føresetnad om at ein del av dei sørvestre areala kan gå ut som fylgje av arkeologiske registreringar. Dette må framgå av kommuneplan og konsekvensutgreiingane.

Ny fylkesvegtrasé – arma mot tunelltraséen - påverkar idnr 6373 Kjemperøysa på Bjåstad. Dette må framgå av konsekvensutgreiinga. Tunell og veg må leggast godt utanom. Dispensasjon frå kulturminnelova for gravrøyser i dette området er ikkje aktuelt å tilrå.

Ei rekkje av planendringane påverkar eksisterande naustområde, inkludert område med eldre naust og vorar. Desse vert oftast rekna som nyare tids kulturminne. Vi gjer merksam på at fleire av desse kan ha element i stein som går attende til mellomalder og såleis vere automatisk freda. Konsekvensutgreiinga/planen må ta høgd for at anlegga kan vere eldre enn mellomalder i dei naustområda som er eldre enn utskiftinga og at ein må såleis påvente omsyn omsyn som t.d. moglegvis kan avklarast gjennom plan (plankrav) eller at ein legg inn omsynsskrav i føresegnar.

Vi minner elles om at alle tiltak som inneber inngrep i sjø/vatn/land skal oversendast med omsyn til avklaring vedrørande marine kulturminne, sjølv om desse er i samsvar med kommuneplanen. Dette bør kome fram av konsekvensutgreiingane.

Nyare tids kulturminne

Oppover solhellinga på nordsida av Hareiddalen har det vore busetnad knytt til jordbruk i lange tider. Dette syner no att som eit belte av eldre bygningar, andre bygde kulturminne og strukturar knytt til jordbruksdrift (beitemark, åkerreiner, steingardar, utmarksløer og ruinar). Dei same områda er i dag attraktive for busetnad. Ved nybygging i området er det viktig at det vert gjort vurderingar av kulturminna i området, og kva som må ivaretakast. Dette gjeld til dømes for område B4 i kommuneplanen. Hjørungavågen og i nordhellinga vestover frå Hareid sentrum; det andre større området av same karakter.

